

Kvinnherad kommune
Rådhuset - Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 22.12.2015
Vår ref.: 2014/19439-64
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig klinikkstruktur i Kvinnherad kommune finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Kvinnherad kommune til eit orienterings- og drøftingsmøte
fredag 15 januar 2016 kl 12 – 1330 på Stord tannklinikk – overtannlegen sitt kontor – Borggt 5-7, 5400 STORD.

Temaet er tannhelsetenesta sin framtidige klinikkstruktur i Kvinnherad kommune.

Fylkestannlegen ser for seg at Kvinnherad kommune kan delta med inntil 2 representantar. Frå tannhelsetenesta deltek overtannlege i Sør tannhelsedistrikt Margareth Simonsen Råen, seniorrådgjevar Torunn Gaarden og fylkestannlegen i Hordaland.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: arne.asan@hfk.no – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.